



Årsrapport 2008
Bunad- og folkedraktrådet
Valdresmusea as

DEL I ADMINISTRASJON OG REKNESKAP 2008

01.01.2008 vart Bunad- og folkedraktrådet (BFR) konsolidert med Valdresmusea AS (VM). Sekreteriatet vart lagt til Valdresmusea som eigen seksjon, etter avtale mellom Staten v/ Kultur- og kyrkjedepartementet og Valdresmusea. Ordninga med eit fagråd oppnemnt av Kultur- og kyrkjedepartementet som ein rådgjevande instans for arbeidet vart oppretthaldt.

Administrasjon, rekneskapsføring og personal er organisert direkte under VM, og alle arkiv- og postfunksjonar frå tidlegare drift er førd vidare. Det vart oppretta ei ny fagstilling som seksjonsleiar, som saman med resten av seksjonen står for det faglege arbeidet.

Året 2008 starta utan seksjonsleiar i funksjon og med 2 tilsette i seksjonen. Direktøren arbeidde med gjennomgang av kva BFR har av utstyr, gjennomgang av alle avtalar/avslutting av avtalar knytt til statleg drift, økonomioversyn m.m. Det vart laga ei inventarliste for kva BFR eig ved inngangen til 2008, som vedlegg til avtalen om overføring til Valdresmusea. Det har vore kommunikasjon med Riksarkivet i samband med mogeleg overføring av arkiv i framtida, men førebels er heile arkivet ved institusjonen.

Seksjonen og leiinga har hatt seksjonsmøte kvar tysdag gjennom året. I tillegg har dei tilsette vore med på personalmøte og andre samråingsmøte i staben etter behov.

Denne årsrapporten vart lagt fram til drøfing i fagrådsmøte 24.11. 08 og ferdigstilt 19.01.2009. Rekneskapan for BFR og Valdresmusea vert ferdig medio mars 09.

DEL II FAGRÅDET OG SEKSJONEN

1. FAGRÅDET

I 2008 vart det oppnemnt nytt fagråd. Bunad- og folkedraktrådet fekk også nye retningslinjer vedtekne av KKD. Det vart inngått eige samarbeidsavtale med Valdresmusea og KKD.

1.1. Rådsmedlemmer

Rådsmedlemmer i 2008 har vore:

Kjærsti Gansø (rådsleiar)
Kari-Anne Pedersen
Atle Ove Martinussen
Kirsten Røvig Håberg
Tommy Olsson
Mari Rorgemoen (vara)
Arne Nerjordet (vara)

1.2. Arbeidet i fagrådet.

Jf. Retningslinjene frå Kultur- og kyrkjedepartementet skal fagrådet:

1. vedta planer for verksemda ved sekretariatet på Valdresmusea, i samråd med museet. Det skal leggjast hovudvekt på følgjande oppgåver:
 - a. tilretteleggje for innsamling, dokumentasjon, rekonstruksjon, forskning, bevaring og formidling innanfor det bunad- og folkedraktfaglege området,
 - b. auka medvit om, interesse og forståing for bunad og folkedrakt som kulturuttrykk i Noreg, blant anna gjennom vidareutdanninga Drakt og Samfunn,
 - c. auka kunnskap om tilverking og bruk av tradisjonelle norske bunader og folkedrakter, blant anna gjennom Bunadopplæringa,
 - d. søkje å leggje til rette for utvikling og revitalisering innanfor det bunad- og folkedraktfaglege området,
 - e. stimulere til utvikling av fleirkulturelle møteplassar basert på bunader og folkedrakter og deira bruk og tilverking.
2. årleg handsame rapport for verksemda ved sekretariatet,
3. fungere som rådgjevande organ for den faglege verksemda ved sekretariatet,
4. uttale seg ved tilsetjing av fagleg leiar for sekretariatet og delta i prosessen i samråd med direktøren for Valdresmusea.

Fagrådet har i 2008 hatt tre møte og ein dag med strategiarbeid

Møte 1:2008: 15.mai

Møte 2:2008: 27.august (28.august strategiarbeid)

Møte 3:2008: 24.november

I møte 1:2008 drøfta fagrådet rollar og forventningar, og vedtok seksjonens arbeidsplan for 2008. I møte 2:2008 blei det bestemt at konkrete rekonstruksjonssaker ikkje skal handsamast av fagrådet, men av seksjonen. I møte 3:2008 hadde fagrådet arbeidsplan og budsjett til gjennomgang og drøfting, samt ei eventuell namneendring. Fagrådet tilrådde namnet Norsk senter for bunad og folkedrakt.

2. SEKSJONEN

2.1. Tilsette ved seksjonen

Ved utgangen av 2008 har BFR 4 faste fagstillingar.

Anne Kristin Moe	seksjonsleiar (frå 01.02.08)	100%	
Tordis Gjevre	1. konsulent	100%	utvida frå 80 %
Gunvor Rognså	1. konsulent	100%	utvida frå 80 %
Camilla Rudrud	formidlar (frå 01.10.08)	100%	

I tillegg, administrasjon og drift i Valdresmusea:

Torveig Dahl	direktør
Bjørge Veisten	konsulent
Borghild Nybråten	rekneskapsfører

Jon Fredrik Skauge var engasjert til å gjennomføre Drakt og samfunn I vårsemesteret 2008.

2.2. Arbeidet ved seksjonen

I avtalen mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Valdresmusea AS, står det at seksjonen skal dokumentere, formidle kunnskap og gje råd, knytt til folkedrakt og bunad.

Seksjonsleiar gjennomførde ei ansvars- og arbeidsfordeling med Tordis Gjevre som dokumentasjonsansvarleg, Gunvor Rognså som rådgjevingsansvarleg og Camilla Rudrud som formidlingsansvarleg.

DEL III MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE

1. HOVUDMÅL

Bunad- og folkedraktrådet har som mål å fremje, verne og vidareføre bruk og tilverking av buander og folkedrakter i Norge, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særeigne kvalitetar. Institusjonen ønskjer å vere ledande i fagmiljøet og å drive aktiv formidling knytt til det innsamla materialet og kunnskapen i staben.

2. DELMÅL

2.1 Dokumentasjon: Bygge opp og forvalte arkiv med draktregistreringar og anna dokumentasjon knytt til folkedraktene og dagens bunader

2.1.1 Utføre feltarbeid som var lova i 2007

Føljande feltarbeid har vore gjennomført i 2008:

7.-11. april	Setesdal, ved Tordis Gjevre og Gunvor Rognså
11.-14. april	Aukra, ved Tordis Gjevre og Gunvor Rognså
24. april	Bergen (privat samling), ved Tordis Gjevre og Gunvor Rognså
22.-26. okt.	Østfold, ved Tordis Gjevre, Gunvor Rognså og Anne Kristin Moe

Dei tre fyrste feltarbeida er registrert i Cardbox, medan feltarbeidet frå Østfold vil bli lagt inn i Primus.

2.1.2. Utarbeide nye registreringsskjema

Seksjonen har utarbeidd nye registreringsskjema for registrering i privat eige som ligg nært opp til opplysningane i ei Primusregistrering. Eigar skriv også under på at han / ho gjev BFR løyve til oppbevaring av bruk av materialet.

2.1.3 Starte digitalisering av fotoarkivet

På sikt vil vi legge ut samlingane våre på internett (primusweb), slik at samlingane vert tilgjengelege for ulike brukargrupper, jf. retningslinjene pkt.1a. Ein føresetnad for dette er at både registreringane og fotoarkivet vert digitaliserte.

I mars byrja dokumentasjonsansvarleg å sette seg inn i fotosystemet. 16. april hadde BFR internkurs i foto/ digitalisering med Bård Svartdal ved Bry foto. Vi utarbeida system for nummerering, og sommarhalvåret hadde både Gjevre, Rognså og Moe økter med scanning av foto. 17. april hadde Valdresmusea it-kurs for alle ansatte med lærarar frå Kultur-IT. Heile staben i BFR var med på dette.

I april var BFR på Nordisk arkivkonferanse og fotokonferanse og i oktober var det fotoformidlingsseminar (sjå pkt.2.2.2). Dette gav oss innblikk i utviklinga på feltet og muligheiter BFR kan nytte seg av, td. arkivering og digital formidling.

2.1.4 Installere Primus

I oktober fekk BFR installert PRIMUS på alle datamaskinene. 31. oktober var Moe på Primus administratorkurs og 5.-6. november var Gjevre på Primus grunnkurs i regi av Kultur-IT. Materialet frå feltarbeidet i Østfold vil verte det fyrste som blir lagt inn i Primus. Frå 2009 vil alt bli direkte lagt inn i Primus. Konverteringa frå Cardbox til Primus gjenstår. Pr. d.d. står vi i konverteringskø hjå Kultur-IT.

2.2. Formidling: Legge til rette og formidle informasjon og stille innsamla materiale til rådighet for dei som arbeider med draktspørsmål

Drakt og samfunn 1 og 2

BFR har, saman med NTNU og Folkekulturforbundet, drevet delemnet *Drakt og samfunn 1*.

Studieåret 2007/08 vart det tatt opp 12 studentar. 10 av desse fullførte eksamen. Jon Fredrik Skauge og Mette Vårdal var veiledarar.

Studieåret 2008/09 vart det tatt opp 9 studentar. Moe og Rudrud har vore veiledarar haustsemesteret. Studiet fyljer same studieplan som tidlegare, men Thomas Walle (sosialantropolog), Kari Bjørg Halvorsen (etnolog) og Geir Helgen (lokalhistorikar) vart tekne inn som nye forelesarar. Drakt og samfunn 1 hadde samling hjå BFR i Fagernes 8.-12. september og 3.-7. november.

I 2007 var det satt i gong arbeid med eit påbyggingsemne, *Drakt og samfunn 2*. Det vart bestemt at vi skulle køyre begge emna i 2008/09.

31. mars hadde BFR møte med Folkekulturforbundet og NTNU i Trondheim for å drøfte studieplana til Drakt og samfunn 2. Vi vart samde om at BFRs innspel skulle takast inn i studieplana, som var utarbeidd av Folkekulturforbundet. Framover våren var det drøftingar mellom Folkekulturforbundet og BFR ang. organisering av Drakt og samfunn I og 2. I mai trekte Folkekulturforbundet seg frå samarbeidet. 13. august hadde BFR, ved Moe og Veisten, møte med NTNU-videre om administrasjon av delemna.

Det er teke opp 19 studentar til Drakt og samfunn 2. Dei hadde samling 20.-24.oktober hjå BFR i Fagernes. Forelesarar i haustsemesteret har vore Marianne Vedeler (arkeolog og dr.art.), Morten Bing (etnolog), Veronika Glitsch (designer), Jon Fredrik Skauge (historikar), Magny Karlberg (tidl.dir. BFR), Aagot Noss (draktforskar) og Kirsten Røvig Håberg (rådsmedlem). BFR har innleia eit samarbeid med Norsk Folkemuseum om at tilsette ved Norsk Folkemuseum gjev forelesingar vederlagsfritt.

Bunadopplæringa

Bunadopplæringa er eit samarbeid der Bunad- og folkedraktrådet, Noregs Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Folkekulturforbundet tilbyr ei modulbasert utdanning innanfor bunadtilvirkerfaget. Dette kom i gang haustsemesteret 2007. I mars 2008 var BFR i møte med samarbeidspartane for å planlegge og drøfte undervisningsopplegget, Moe møtte for BFR. Det blei der bestemt at BFR skulle ha modul 5, om hand-, fot- og hodebekledning, 6.-10. oktober.

BFR, ved Gjevre og Rognså, utarbeida undervisningsopplegg for veka som blei gjennomført i Valdresmusea sine lokaler på Fagernes. 30 elevar følgde modulen. BFR stod for ein stor del av undervisninga sjølve. Evalueringa viste at elevane var godt nøgde.

16. september var BFR, ved Moe og Rognså på "Bunadopplæringa"-møte i Oslo. Det blei her bestemt at det skulle nedsettes ei styringsgruppe for opplæringa. Rognså vart BFR sin representant. 13. oktober hadde styringsgruppa sitt fyrste møte.

Eigne forelesingar for BFR

I tillegg til Drakt og samfunn-forelesingar om materiallære, bindingslære, stoffbeteningar og registrering som BFR hadde frå før, har den nye staben utarbeida forelesingar om handelsvegar, stilhistorie og bunadhistorie, forskingshistorie, materiell og immateriell kulturarv og oppgåveskriving.

BFR utarbeidde også praktisk undervisningsopplegg og teoretiske forelesingar om fot- og handbekledning i forbindelse med Bunadopplæringa modul 5.

Utarbeide kontraktar for bruk av BFR sine samlingar

BFR tilrettelegg for innsamling, dokumentasjon, rekonstruksjon, forskning, bevaring og formidling ved å stille materialet vårt til rådvelde. For å få ein oversikt over og regulere bruken av materialet og BFR sitt namn, har vi utarbeida kontraktar for bruk av samlingane. Her skriv begge partar under på kva materialet skal brukast til. Vi har også innført betaling for kopi av BFR sitt materiale.

Synleggjere Bunad- og folkedraktrådet

I 2008 har vi vore med på fleire konferansar og seminar

10. januar	"Nordlendingen med klea på" (Moe, Dahl)
16.-17. februar	Åpningsseminar "Mangfoldige minner" (Moe)
13. mars	Informasjonsmøte Mangfoldsåret (Moe)
9.-10. april	Nordisk arkivkonferanse (Moe)
28.-29. april	Fotokonferanse, ABM-u (Moe, Gjevre)
25.-27. april	Middelalderseminar, NU (Moe, Gjevre, Rognså)
16.-17. oktober	Fotoseminar "80 millioner bilder", ABM-u (Gjevre, Rudrud)
28. oktober	Formidlingsseminar, Riksantikvaren (Rudrud)

På "Nordlendingen med klea på" heldt Dahl og Moe innlegg om registrering og digitalisering, medan BFR var med på deltaktasida på dei andre konferansane / seminarane.

4. juni var BFR, ved Moe, til stades ved Aagot Noss boklansering i Setesdal. 15. juni opna Norsk Folkemuseum utstillinga "Pakistanske bryllupsskikker", der Moe hadde vore konsulent. 22. juni opna BFR utstillinga "Polske folkedrakter" på Valdres Folkemuseum. Utstillinga stod ut året.

Under Jørn Hilmestemnet på Fagernes og ved nokre andre høve har tilsette ved BFR gitt spesialomvising i utstillingane og samlingane. Ved besøk av fylkestinget i Oppland 25. juni på museet var det m.a orientering om det nasjonale arbeidet ved BFR ved Moe og Dahl.

Vi har ikkje prioritert eksterne foredrag i 2008. I april skulle Dahl ha heldt foredrag om BFR på landsmøte for Norsk Folkedraktforum, men måtte melde forfall grunna sjukdom i familien. Gjevre og Rognså heldt foredrag om rekonstruksjon i samband med feltarbeidet i Østfold i september, og Moe heldt foredrag om bunadhistorie for kvinneforeninga Zonta Oslo i november

Dahl representerte BFR på nasjonal samling for nettverk i regi av ABM-u. I desember heldt BFR fyrste møte i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. Her heldt Gjevre og Rognså foredrag om BFRs historie og arbeid, og Moe om bunadhistorie. Det vart også foredrag av tekstilkonservator Inger Raknes Pedersen frå Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, om oppbevaring av tekstil. Deltagarane fekk omvising i lokala og drøfta korleis nettverket skal arbeide framover.

BFR har i 2008 fått mediadekking i Norsk Husflid, magasinet BUNAD (2), Nationen (2) og Gudbrandsdølen/Dagninga, Bergens Tidende, Rogaland Avis, Aftenposten (2) og Inside. I mai skreiv Moe, saman med rådsmedelm Kari-Anne Pedersen, debattinnlegget "Er bunad konservativt" som kom på trykk i Aftenposten. I forbindelse med Aagot Noss boklansering i Setesdal, vart Moe intervjuet av Sørlandssendinga og Kulturnytt. I oktober fekk BFR innslag på Østlandssendinga og Dagsrevyen i forbindelse med feltarbeidet i Østfold. Her blei registreringsarbeidet filma, og Rognså blei intervjuet.

Anna

BFR har vore med på tiltak for utvikling av fleirkulturelle møteplassar basert på bunader og folkedrakter og deira bruk og tilvirking (jf. retningslinjene pkt.1e) gjennom utstillingar om drakter frå Pakistan og Polen, deltaking på seminar i regi av Mangfoldsåret, referansegruppa for Mangfoldige Minner og samarbeidsdrøftingar med Nasjonalmuseet i Beograd. Vi har også tatt inn det fleirkulturelle i timeplana til Drakt og samfunn, der det er skal forelesast om samisk draktskikk og nasjonaldrakter i andre land.

BFR sine internettsider er justert opp til dagens situasjon, med lenke frå Valdresmusea sine heimesider. Desse nettsidene har ikkje har utviklingspotensiale og blir avslutta. Nye nettsider er under utvikling.

BFR og VM har vore med på å gje fråsegn i høve tre store og viktige nasjonale høyringar: Immateriell kulturarv, kulturhandverk og mva. og kulturorganisasjonar.

2.3. Rådgjeving: Gje råd ved rekonstruksjon eller revisjon av bunader

Heve dei ansatte sin kompetanse

For utan seminara/ konferansane som er nemdt ovanfor, deltok heile staben på følgjande:

- 30. april Fagtur til Oslo. Omvising i utstillingane Oppdagelsen av fjellet og Stil 1000 – 1900 (Nasjonalmuseet) og besøk i div. stoff-forretningar
- 11. juni Internseminar om stoffproduksjon og rekonstruksjon v. Duran Textiles
- 29. august Draktseminar, Hadeland

Svare på konkrete forespurnader og ta i mot dei som ønskjer å besøke BFR

I 2008 har vi hatt fem besøk angående rekonstruksjon:

- | | | |
|----------|-------------------------------------|-----------------------------|
| 11. mars | Joar Vaagø, Oslo | Mannsbunad Sogn |
| 30. mai | Linda Hårstad, Trondheim | Vurdering av rekonstruksjon |
| 9. juni | Bunadnemda frå Ytre Sogn | Orientering rekonstruksjon |
| 21. juli | Odd Arnfinn Tømmerholen, Hedemarken | Vurdering av rekonstruksjon |
| 30. juli | Aasta Kari Kampen, Valdres | Hjelp med trøyesyng |

BFR har sendt ut to vurderingar i 2008:

- Grøn kjol frå Hedemarken, Odd Arnfinn Tømmerholen
- Punnistakk frå Røros, Margot Solli

Anna besøk:

- 24. februar Noregs Husflidslag
- 8. mars Tommy Olsson og Inger Stinnerbon (Isfolket-teateret)
- 7. mai Kjersti Prestkvern, Hadeland
- 6. august Mirjana Menković M.A. Museum Advisor, Service of international cooperation of Ethnographic Museum in Belgrade
- 25. august Georg Auzinger, Austerrike

I tillegg har vi svart på ei rekkje spørsmål på telefon og e-post.

Til saman har vi hatt besøk av 91 enkeltpersonar og 323 studentar m.m., til saman pr. 16. nov 414 besøkande. I tillegg kjem alle som har sett utstillingane som del av museumsbesøket gjennom året.

Anne Kristin Moe
19.01.09